

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2016	Formannskapet i Radøy	PS	20.01.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	15/2182	16/273

Høyring - endring i vallova

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut forslag om endringar i vallova til høyring, med høyringsfrist 25. januar 2016.

Det er tre område KMD ønskjer innspel til:

- **Elektronisk kryss i manntalet**
Det vert sett framlegg om at elektronisk avkryssing i manntal på valdagen og den forenkla ordninga med mottak av framandstemmer vert innført som frivillig ordning for kommunane og ikkje for utvalde forsøkskommunar som tidlegare år.
- **For seint innkomne førehandsstemmer**
Problemstillinga knytt til for seint innkomne førehandsstemmer vert drøfta i høyringsnotatet, men det vert ikkje fremja konkrete lovendringar i denne omgang. Departementet skisserer tre moglege alternativ for å sikra at førehandsrøystene kjem fram til valdagen i tide.
- **Fritak frå val**
Departementet ønskjer også ei presisering og forenkling av lovteksten i vallova når det gjeld den valde sin rett til å nekte å motta val dersom han ikkje krev seg friteken frå å stå på liste innan den fristen valstyret set.

Elektronisk kryssing i manntalet på valdagen (XiM)

Ordninga med at veljar vert kryssa av i eit elektronisk manntal på valdagen har vore ei forsøksordning sidan 2011.

Årsaka til at KMD innfører XiM er at dette effektiviserer valaviklinga på valdagen for veljarar og valmedarbeidarar, både i vallokalet, under oppteljing og ved valoppgjer. XiM reduserer også mest sannsynleg tal feilkryss i manntal. I tillegg kan velje gå til næraste vallokale i kommunen, uavhengig av krins, og stemme på same måte som han gjer når han stemmer i krinsen han er heimehøyrande i.

Ordninga krev god planlegging, krav om investering i IT utstyr og kompetanse og stabil nettilgang i vallokala. Det er også viktig å ha på plass gode beredskapsrutiner.

Forlag til endring i vallova:

Valgloven § 9-5a (ny) skal lyde:

Elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen

(4) Kommunene kan selv vedta å ta i bruk en ordning med elektronisk avkryssing i manntallet. I så fall gjelder § 9-5 tilsvarende, med unntak av fjerde ledd. I stedet gjelder følgende:

(5) Stemmestyret skal krysse av i det elektroniske manntallet både for velgere som er manntallsført i vedkommende krets og for velgere som er manntallsført i andre kretser i kommunen.

(6) Velgere som ikke er innført i manntallet i den kretsen stemmen avgis, skal levere stemmeseddelen til stemmestyret som stempler denne med offisielt stempel. Velgeren legger selv stemmeseddelen ned i en urne.

(7) Velgere som allerede er krysset av i manntallet skal ikke legge stemmeseddelen i urnen. Stemmeseddelen skal behandles som fastsatt i valgforskriften § 31.

(8) Stemmesedler fra velgere som er manntallsført i annen krets enn der de er avgitt, skal telles opp i den kretsen der de er avgitt.

(9) Ved strømbrudd eller kommunikasjonsbrudd mot manntallet skal stemmeseddelen ikke legges i urnen. Disse stemmesedlene skal behandles som beredskapsstemmer etter følgende prosedyre: Etter at stemmeseddelen er stemplet, legger velgeren denne selv i en stemmesedelkonvolutt og limer denne igjen. Stemmemottaker legger stemmesedelkonvolutten sammen med valgkortet i en beredskapskonvolutt. I kommuner med todagersvalg, skal eventuelle beredskapsstemmer mottatt på søndag behandles og krysses av i det elektroniske manntallet før valglokalene åpner på mandag.

For seint innkomne førehandsstemmer

Fram til fredagen før valet kan veljar førehandsstemme innanriks i kva som helst kommune i landet. Stemmene vert deretter sendt i brevpost til kommunen som veljar er heimehøyrande i. For at ein førehandsstemme skal teljast med i valoppgjeret må stemmen vere kommunen i hende innan kl. 21. på valdagen. For seint innkomne stemmer er dei som kjem inn til valstyret etter denne fristen. Desse vert forkasta.

I 2016 vil posten slutte med postlevering om laurdagane. Sjølv om det vart innført ordningar som reduserte tal for seint innkomne stemmer i 2015, så er det sannsynleg at manglande postlevering laurdagen før valdagen i 2017 vil føre til at stemmer kjem for seint. Det er ei opning for å inngå avtale om postlevering laurdagen fær valdagen, Det er gjort eit anslag om at ordninga vil gje ein total meirkostnad på mellom 2-5 millionar. Denne må evt dekkast av valmynde.

Departementet ønskjer ei vudering av korleis endring i postlov i minst mogleg grad kan påverke veljars høve til å avgje førehandsrøyst samtidig som vi kan vere sikker på at stemmer gjeve innan frist skal telje med i valoppgjeret

Departementet ser tre ulike alternativ som kan vurderast.

1. Endre lovfesta frist for avgje førehandsstemme frå fredag til torsdagen før valdagen innanriks.
2. Endre lovfesta frist for godkjenning av førehandsrøyster frå valdagen kl. 21.00 til tysdagen etter valet kl. 17.00

3. Inga endring av lovverket, og evt inngå avtale med posten om postlevering laurdagen før valdagen.

Forslag til endrede frister for forhåndsstemmer

Alternativ 1. Endre lovfestet frist for avleggelse av forhåndsstemmer:

Valgloven § 8-1(2) første punktum skal lyde:

Forhåndsstemmegivningen må ikke foregå senere enn siste torsdag før valgdagen innenriks, herunder på Svalbard og Jan Mayen, og nest siste fredag før valgdagen utenriks.

Alternativ 2. Endre lovfestet frist for godkjenning av forhåndsstemmer:

Valgloven § 2-7 (3) skal lyde:

Valgstyret skal sørge for at stemmeberettiget bosatt i utlandet, som ikke har vært folkeregisterført som bosatt i Norge noen gang i løpet av de siste 10 år før valgdagen, føres inn i manntallet i kommunen dersom vedkommende søker om innføring innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

Valgloven § 8-1 (3) skal lyde:

Velgeren er selv ansvarlig for å avgi forhåndsstemme på et tidspunkt som gjør at forhåndsstemmegivningen kommer inn til valgstyret innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

Valgloven § 10-1 (1) bokstav g skal lyde:

g) stemmegivningen er kommet inn til valgstyret innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

Fritak frå val ved kommunestyre- og fylkestingsval

Departementet har motteke tilbakemeldingar som tyder på at ordlyden i vallova § 3-4 (2) og (3) kan verte missforstått i tolking rundt fritaksgrunner etter at kandidat er vald. Dei ønskjer ei presisering og forenkling for å klargjere den rettslege realiteten.

Lova krev ikkje at listekandidatar skal oppgjje fritaksgrunn når kandidat ber om fritak frå å stå på liste. Det er krav om skriftleg stadfesting og at denne vert sett fram for valmynde innan den fristen valmynde set.

Det bør gå klart fram at den som unnlèt å krevje seg fritaken innan den fristen valstyret set, ikkje kan nekte å motta val etter at vedkomande er valt.

Forslag til endring i vallova:

Valgloven § 3-4 skal lyde:

- (1) Rett til å kreve seg fritatt fra valg til fylkesting og kommunestyre har den som avgir skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stille til valg på den aktuelle valglisten.
- (2) Erklæring som nevnt må settes frem innen den frist fylkesvalgstyret eller valgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget.
- (3) Den som unnlater å kreve seg fritatt fra å stå på liste, kan ikke nekte å motta valg.

Vurdering

Elektronisk manntal

Radøy kommune har delteke i forsøk med elektronisk avkryssing i manntal på valdagen ved valet i

2011, 2013 og 2015. Vår erfaring er at elektronisk avkryssing forenkler og ser at det kan vere med å auke kvaliteten ved valgjennomføringa. Radøy har saman med dei andre forsøkskommunane gjeve tilbakemelding om at vi er nøgd med ordninga og ikkje ønskjer seg tilbake til ein valdag med papirmanntal.

For at XiM skal fungere godt er det viktig med eit grundig førearbeid og god beredskapsordning. Det kan føre til auka kostander og det vil føre til meir førebuingarbeid og det er riktig at departementet tilbyr dette som ei frivillig ordning slik at kommunane får høve til å tilpasse seg.

Mange kommunar har etterspurt XiM og tida er moden for at dette vert gjort tilgjengeleg for dei som ønska det og ikkje berre forsøkskommunar.

For seint innleverte stemmer

Departementet ønskjer å ha eit låg tal stemmer som kjem for seint til å kunna bli godkjend av valstyret.

Dei fleste som førehandsstemmer, stemmer så nær valdagen dei kan. Ein frist for førehandsstemming bør setjast så nært opp til valdagen som mogleg. Departementet ønskjer også at kommunane skal tilrettelegge slik at flest mogleg skal kunna avgje sin stemme. Å avslutte førehandsrøysteperioden ein dag tidlegare vil redusere tilgjenge for veljarane.

Det ligg også eit ansvar på valjarane jamfør Vallova § 8-1 (3)

Velgeren er selv ansvarlig for å avgi forhåndsstemme på et tidspunkt som gjør at forhåndsstemmegivningen kommer inn til valgstyret innen valgdagen kl. 21.

Dersom vi set frist for godkjenning av førehandsstemmer tysdagen etter valet, vil dette forseinke oppteljinga og føre til at det endelege resultatet ikkje kan kunngjerast før tysdag kveld.

Det er mogleg å gjere avtale med posten om postlevering laurdagen før valdagen. Dette vil føre til auka kostnader for kommunane.

I høyringsnotatet kan vi lese:

Innbyggerne i Norge i dag forventer at det offentlige tilbyr gode digitale tjenester, noe som også gjelder på valgområdet. Digitalisering bidrar i stor grad til forenkling og effektivisering av rutiner, samt bedre orden og kontroll.

Så lenge stemmene vert sendt som brevpost mellom kommunane, vil det vere stemmer som kjem for seint til godkjenning i valstyret. Radøy kommune har delteke i forsøk med internettstemming i 2011 og 2013. Det var eit stort tilbakesteg å ikkje kunna tilby veljarane dette også under valet i 2015. Vi hadde ingen for seint innkomne stemmer i 2011 og 2013. I 2015 fekk vi.

For å redusere tal for seint innkomne ønskjer Radøy kommune at departementet også ser vidare på løysinga med internettstemming, både i kontrollerte og ukontrollerte omgjevnader. Dette som eit tillegg til papirstemmer. Departementet bør sjå om det er mogleg å bruke EVA for å registrere papirstemmene i mottakskommunen for vidare godkjenning i heimkommunen.

Fritak frå val

Departementet erfarer at valde kandidatar har tolka vallova ulikt når det gjeld fritak av val etter at kandidaten er vald. Det er derfor gjort ei presisering og forenkling. For å unngå misstydingar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune er samd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine framlegg til endringar i vallova om elektronisk manntal på valdagen og presisering rundt fritak frå val.

Radøy kommune ser ikkje på departementet sitt forslag om å endra fristar ved førehandsstemming som ei god løysing for å redusere tal for seint innkomne stemmer og rår til at departementet ser nærare på ei digital løysing.

Formannskapet i Radøy - 001/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune er samd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine framlegg til endringar i vallova om elektronisk manntal på valdagen og presisering rundt fritak frå val.

Radøy kommune ser ikkje på departementet sitt forslag om å endra fristar ved førehandsstemming som ei god løysing for å redusere tal for seint innkomne stemmer og rår til at departementet ser nærare på ei digital løysing.

Vedlegg:

Høyringsnotat (L)(268772)

Høyering - endringar i vallova